



## Referat frå styremøte 29. mai 2018 – Scandic Hell Hotel - Værnes

Til Stades: Harald Lie, Bodil Mannsverk, Finn Egil Adolfsen, Janne Østgaard Aagesen, Tor Inge Eidesen og Linda Kristin Oppedal.

Frå Administrasjonen: Frode Alfarnes, Trude Soma Augestad og Romar Skeie Olsen.

Sak 27/18 **Godkjenning av protokoll frå førre styremøte**  
Gjennomgang av protokoll frå førre styremøte.

### Vedtak

Protokoll frå sist styremøte er godkjent

Sak 28/18 **Open post**  
Bodil Mannsverk skal representera NLT på Årsmøtet i Norges Bondelag. NLT har tildelt tre minuttar til innlegg. Vi bør nytte innlegget til å kome med ei positiv tilbakemelding til faglaga si prioritering av velferdsordningane i jordbruket sitt krav.

Etter jordbruksoppgjeret vert det frå nyttår av ikkje noko øvre grense for kva ein kan ta betalt for landbruksvikar per dag. Eit «frislepp» på dagsatsen kan føre til at ordninga ikkje vert framstilt likt over heile landet. Dette må vi ta ein intern diskusjon på seinare.

Sak 29/18 **Rekneskap pr. 30.04.2018**  
Dagleg leiar Frode Alfarnes gjekk gjennom rekneskapen. Medlemskontingent er ikkje fakturert ut endå, då fristen for innrapportering til NLT vart utsett med ei veke. Alle lag har no rapportert innan fristen. Kostnadane ligg pr. i dag litt over budsjettet. Arbeidet med strategiplanen vart litt meir kostbart enn budsjettet. Kostnader knytt til Webtemp er usikre sidan vi ikkje veit pr. i dag kor mange lag som ynskjer å starta opp i løpet av 2018, sidan vi har gitt medlemslaga valet å starte i løpet av året. Årsmøtet vart litt dyrare enn budsjettet. Her har vi ikkje fått inn alle reiserekningane enno.

### Vedtak

Rekneskap pr. 30.04.2018 er teke til etterretning

Sak 30/18 **Instruks for valnemnd**  
Det kjem i dag ikkje godt nok fram at valnemnd også skal innstilla til ny leiar i valnemnda til årsmøtet. I tillegg bør vi ha ein frist på kor tid valnemnda skal kome med sitt forslag til innstilling. Ved ein frist på fire veker er vi sikra å få innstillinga med ved utsending av årsmøtepapira. Under arbeidsmåte, punkt to, skal «seinast 4 veker før årsmøtet...» endrast til «i god tid før årsmøtet...»

### Vedtak

Ny instruks for valnemnd er godkjent.

Sak 31/18

### **Strategisk plan – prioriterte saker**

Dagleg leiar Frode Alfarnes la fram saka.

Viktig å forankre prosessen i organisasjonen. Vi vert av andre sett på som ein organisasjon og må framstå så likt som mogleg, noko som inneber at laga tilbyr tilnærma like tenester. Dei to sakene som må førebuast innan haustsamlinga er regionkontakt og medlemskriteriar.

Når det gjeld medlemskriterier så bør beredskap vere eit av kriteria.

#### **Vedtak**

Proessen med å etablera regionkontakter, medlemskriteriar og beredskap vert førebudd til neste styremøte. Prosessen må forankrast i medlemsmassen på lik linje som strategiplanen vart.

Sak 32/18

### **Bransjeforeining i NHO Mat og Drikke**

Camilla Schrader Roander informerte om NHO Mat og Drikke (NHOMD) og bransjeforeining. Ved å verte ein bransjeforeining i NHOMD vil alle NLT-medlemslaga verte medlem i NHOMD. Bransjeforeininga vil verte den største i heile NHOMD og vil fremje seriositet, meir profesjonalisering av næringa og vi vil ha større og betre påverknad og gjennomslagskraft i saker som er viktig for bransjen.

Etablering av bransjeforeining i NHOMD vil ikkje gje auka kostnad til dei som allereie er medlem i NHOMD.

Det er og usikkert om dei av våre medlemmer som ikkje er medlem av NHOMD er medlem i andre arbeidstakarorganisasjonar. Dette er eit ønskje frå NLT sentralt.

#### **Vedtak**

Det vert sett ein strategi for å sjå på kva nytte organisasjonen eventuelt vil ha med ei tilknytning som bransjeforeining i NHO Mat og Drikke.

Sak 33/18

### **Styrearbeid**

Harald Lie gjekk gjennom arbeidsmåtar og instruksane. Frode Alfarnes gjekk gjennom årshjulet mm.

#### **Vedtak**

Orientering er teke til etterretning

Sak 34/18

### **Orienteringssaker**

#### **A. Jordbruksoppgjeret**

Frode Alfarnes orienterte.

Auka i tilskott på 7,4 %. Maks dagsats aukar frå kr. 1.555,- til kr. 1.670,-  
Tilskott til avløyning ved ferie/fritid auka med 6 % maks tilskott vert då kr . 78.700,-.

Auke i tilskott per årsverk landbruksvikar med 4,5 %. Tilskottet vil med det auke med kr. 12.200,- til kr. 282.400,-.

Det er føreslått at mottakarar av tidlegpensjon samtidig kan få utbetalingar frå avtalefesta pensjon og arbeidsavklaringspengar, uførepensjon og etterlatnepensjon frå NAV.

**B. Medlemskap i NL – kjøp av tenester**

Frode Alfarnes orienterte.

Ved teikning av medlemsskap i NL vart vi førespegla ein kontingent på ca. 115.000,-. Det syner seg at denne er delt i ein rein kontingentbit og ein som gjeld kjøp av tenester. Sidan det er moms på serviceavgift, og vi berre får refundert halve momsen, vert kostnadene ca. kr 15.000,- høgare enn tidlegare antatt.

**C. Årsmøtet**

Det vart litt dødtid under årsmøtet. Slikt er vanskeleg å forutsjå, men til seinare årsmøte bør vi kanskje ha nokre innlegg i bakhand. Elles eit godt og positivt møte.

**D. Vårsamling**

Gjennomgang av program og oppgåver.

**E. Webtemp**

Trude Soma Augestad orienterte.

Det ser ut til at 10 nye lag vil starte opp ved nyttår, då vert det rundt 35 lag som nyttar programmet.

**F. Nye reglar for innleige av arbeidskraft**

Frode Alfarnes orienterte.

Regjeringa har fremma endringar i reglar for innleige av arbeidskraft. Desse skal opp i stortinget 4. juni.

**G. OTP frå fyrste krone.**

Frode Alfarnes orienterte.

Det er kome eit forslag frå opposisjonen på stortinget om opptening av OTP frå fyrste krone. Dette vil innebera store kostnader i vårt system sidan vi har mange deltidstilsette. NHO arbeider med saka.

**H. Høyring om endring i sjukdomsforskrifta**

Frode Alfarnes orienterte.

Det skal innførast eit nytt elektronisk søknads- og handsamingssystem i direktoratet. I samband med dette er det og forslått nokre endringar i forskrift for å forskriftsfeste forvaltningspraksis.

**I. Evalueringsrapport 2 + 2 prosjektet.**

Det er konkludert med at ordninga er god, men ein kan ikkje trekkje ein skikkeleg konklusjon enno. Vestfold har fått avslag på å fortsette sidan dei ikkje vil verte ferdige innan prøveperioden.

**Vedtak**

Orientering er teke til etterretting

Sak 35/18

**Referatsaker**

**A. Generalforsamling NHO Mat og Drikke**

Harald Lie og Frode Alfarnes deltok på årsmøtet. Greitt møte utan dei store sakene.

**B. Årsmøte Norsk Landbrukssamvirke**

Harald Lie og Frode Alfarnes representerte NLT.

Fekk avklart ein del spørsmål, viktig å vere til stades.

**C. Årsmøte i Samvirkesenteret**

Finn Egil Adolfsen representerte NLT.

Samvirke som eigarform er eit fantastisk konkurransefortrinn som vi kan verte enno betre på.

**D. Møte i APU**

Frode Alfarnes representerte NLT.

Gjekk gjennom tariffoppgjeret, IA - avtalen, kva arbeid NHO har lagt ned i bemanningsforskrifta, fast og midlertidig tilsetning.

Skal sjå på struktur og møteform i APU. I dag er det 3 møter i året.

**E. Møte i Rådgivende utvalg for samvirke og kompetanse (RUSK)**

Frode Alfarnes representerte NLT.

Fekk informasjon om kva vi som medlemar kan få igjen av medlemskapet vårt, t.d. kurs. Der er og kompetanse som vi kan nytte oss av i samband med haustsamling og vårsamling.

**F. Webtempkurs i Landbrukstenester Hå**

Trude Soma Augestad har halde kurs for tilsette og medlemmer i Landbrukstenester Hå. Det viser seg at dei laga som held kurs for tilsette og medlemmer har fleire brukarar i Webtemp enn dei som ikkje held kurs. Hadde 20 stykk på kurs og alle vart Webtempbrukarar etterpå.

**Vedtak**

Referat er teke til etterretting

Sak 36/18

**Eventuelt**

**Konsernkontoavtale banktenester.**

Kan vi som organisasjon få ein konsernkontoavtale, og kan vi få medlemsfordelar med det?

Administrasjonen sjekkar opp til neste møte.

**Kursbehov i administrasjon og styre**

Dersom det er nokon som ynskjer å delta på kurs så er det positivt. Det er viktig å halde seg oppdatert.